



STORTINGET

Innst. 322 L

(2022–2023)

Innstilling til Stortinget
fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 62 L (2022–2023)

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringar i Finnmarksloven (endringar som følgje av delinga av Troms og Finnmark fylke)

Til Stortinget

Sammendrag

Kommunal- og distriktsdepartementet gjer i proposisjonen framlegg om endringar i Finnmarksloven. Finnmarksloven gjeld forvalting av grunn og naturressursar i Finnmark og inneber ei eiga ordning som skil seg frå forvaltinga i dei andre fylka i landet.

Som følgje av Stortingets vedtak av 14. juni 2022 (Prop. 113 LS (2021–2022) S-delen, jf. Innst. 452 S (2021–2022)), skal Troms og Finnmark fylke delast frå 1. januar 2024. Finnmark vert igjen eit eige fylke.

Det går fram av proposisjonen at i samband med sammanslåinga av fylka Troms og Finnmark vedtok Stortingen lov 20. desember 2019 nr. 108 om endringer i finnmarksloven (endringer som følgje av sammenslåingen av Troms og Finnmark fylker). Dette var reglar om det geografiske verkeområdet for lova, val av styremedlemmer til styret til Finnmarkseigedommen og reglar for utdeling av overskot. Desse endringane var påkravde fordi nemninga «Finnmark» fekk endra tyding i lova.

Det vert i proposisjonen vist til at når Finnmark no igjen vert eit eige fylke, må det igjen gjerast endringar i lova.

Det går fram av proposisjonen at Sametinget ikkje har ønskt å konsultere om desse endringane, men at dei viser til standpunktet dei hadde i konsultasjonane om

endringane i Finnmarksloven da fylka vart slegne saman (Prop. 134 L (2018–2019)).

Sametinget ønskjer sjølv å avgjere måten styre- og varamedlemmer til Finnmarkseigedommen vert valde på. Derfor ønskjer Sametinget ei endring av Finnmarksloven §§ 7 og 8. Sametinget meiner at denne løysinga vil vere i samsvar med sjølvråderetten til samane og den sjølvstendige stillinga til Sametinget. Sametinget ber om at departementet vurderer ein eigen prosess for å endre desse føresegogene i Finnmarksloven. Sametinget meiner det er viktig at departementet følgjer opp denne problemstillinga i framtida.

Troms og Finnmark fylkeskommune fekk høve til å komme med innspel til forslaget. Dei meinte det ikkje var behov for det.

Det vert i proposisjonen vist til at lovforslaget ikkje har vore på offentleg høyring, jf. utgreiingsinstruksens punkt 3-3 andre ledd.

Det går fram av proposisjonen at endringane ikkje vil innebere økonomiske eller administrative konsekvensar av betydning.

Det vert vist til proposisjonen for nærmare omtale av lovforslaget.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Rune Støstad, Siri Gåsemyr Staalesen, Terje Sørvik og lederen Lene Vågslid, fra Høyre, Mudassar Kapur, Anne Kristine Linnestad og Mari Holm Lønseth, fra Senterpartiet, Heidi Greni, Kathrine Kleveland og Kari Mette Prestrud, fra Fremskrittspartiet, Helge André Njåstad og

Erlend Wiborg, fra Sosialistisk Venstreparti, Birgit Oline Kjerstad, og fra Rødt, Tobias Drevland Lund, behandler i denne innstillingen forslag til endringer i Finnmarksloven som følge av delingen av Troms og Finnmark fylke tilbake til de opprinnelige to fylkene fra før sammenslåingen. Forvaltning av oppgavene i loven legges til Finnmark fylke. Det er ikke kommet skriftlige høringsinnsprill.

Komiteens medlemmer fra Høyre merker seg at Finnmarksloven gjelder forvaltning av grunn og naturressurser i tidligere Finnmark fylke, og at den innebærer en egen ordning som skiller seg fra forvaltningen i de andre fylkene i Norge.

Disse medlemmer viser til at Finnmarksloven ble endret ved sammenslåingen av fylkene Troms og Finnmark når det gjelder det geografiske virkeområdet for loven, valg av styremedlemmer til styret i Finnmarkseiendommen og regler for utdeling av overskudd. Disse medlemmer merker seg at når Finnmark igjen blir eget fylke, må endringen fra 2020 reverseres.

Disse medlemmer bemerket at lovforslaget ikke har vært på offentlig høring. I henhold til utredningsinstruksen skal lovforslag normalt sendes på høring, men det kan gjøres unntak dersom høringen vil være «åpenbart unødvendig», jf. utredningsinstruksen punkt 3-3 andre ledd.

Disse medlemmer merker seg at lovendringene ikke vil innebære økonomiske eller administrative konsekvenser av betydning.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet, viser til at departementet også skriver:

«Lovendringa er ei oppfølging av eit vedtak frå Stortinget om å dele Troms og Finnmark fylke, og det er klart korleis saka må løysast. Forslaget har derfor ikkje blitt høyrd.»

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 2. mai 2023

Lene Vågslid

leder

Terje Sørvik

ordfører

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak til lov

om endringar i Finnmarksloven (endringar som følge av delinga av Troms og Finnmark fylke)

I

I lov 17. juni 2005 nr. 85 om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark skal det gjerast følgjande endringar:

I følgjande føresegner skal uttrykket «Troms og Finnmark fylkesting» endrast til «Finnmark fylkesting»:

§ 7 andre ledd, § 16 første ledd, § 16 femte ledd og § 31 andre ledd.

I følgjande føresegner skal uttrykket «Troms og Finnmark fylkesting» endrast til «fylkestinget»:

§ 7 sjette ledd, § 10 tredje ledd og § 10 sjette ledd.

§ 15 første ledd skal lyde:

Dersom Finnmarkseiendommen i bankinnskudd, kontanter og lignende har aktiva som fratrukket eventuell gjeld overstiger det som trengs av reserver for å sikre driften, kan styret beslutte at overskuddet helt eller delvis skal utbetales til Finnmark fylkeskommune, Sametinget eller allmennytige formål som kommer Finnmarks innbyggere til gode.

I følgjande føresegner skal uttrykket «statsforvalteren i Troms og Finnmark» endrast til «statsforvalteren»:

§ 18 andre ledd og § 46 første ledd.

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.